

Saksprotokoll

Plan- og forvaltningsutvalet 07.10.2021

Sak: 77/21

Tittel: Saksprotokoll - Detaljreguleringsplan Hundurane masseuttak, Skjolden 2020012

Arkivsak: 21/1523

Behandling:

Utvalet drøfta dei ulike driftsvilkåra m.o.t tider mv. Utvalet vil vurdere dette nærare etter høyringsrunden.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

I samsvar med reglane i § 12-10 i plan- og bygningslova blir detaljreguleringsplan Hundurane masseuttak, lagt ut til ettersyn og sendt over til aktuelle fagorgan for høyring, jf. reglane i § 12-10 i plan- og bygningslova etter at følgjande endringar er gjort:

1. § 2.2 skal endrast til at lasting og transport ikkje kan skje før klokka 08.00 på laurdagar, samt at det også skal vere full stopp i romjul og påskeveke.
2. § 3.1 skal få følgjande tillegg: «Saman med rammeløyve/ byggesøknad for tiltaket skal det leverast inn kart/ illustrasjonsplan som viser plassering av voll som skjermar innsyn og lyd, plassering av drengrofter og eventuelt sedementeringsdam, plassering av sikringstiltak, interne vegar, dei forskjellige driftsetappane det vert søkt om, avslutning og revegetering av planområdet, samt plassering av andre aktuelle element.»